

201003723-20
201004105-20

Tor Brattebø

5627 Jondal

312

RSE/TOC

Norges Vassdrags og Energidirektorat

Jondal 28. juni 2013

Majorstua

Oslo

Konsesjonssøknader i Stølsdalselva, Jondal Kommune.

Viser til kunngjering i pressa om konsesjonssøknader for kraftutbygging på Tveddal og Breisete.

Eg tillet meg med dette å protestera mot utbygging av desse kraftverka. Det er alt bygt ut kraftverk i nedre del av vassdraget med store inngrep i landskapet.

Eg reknar meg som grunneigar både på Breisete, der eg har hytte, og i sameiga mellom gardane i Jondal. Soleis og medeigar i vegen.

Det undrar meg difor at eg ikkje er tilspurt om desse byggjeplanane som får så store konsekvensar for veg, kulturlandskap, kulturminne, naturmangfald, geologi og støy.


Er det slik at større grunneigarar med fallrettar har heimel for å kunne ta seg til rette som dei vil?

Heile området omkring Stølane og vassdraget er mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon i dag.

Stiller elles spørsmål ved søknadene i høve kva verdiskaping desse kraftverka vil ha for lokalsamfunnet. Det er frå mange hald i kraftbransjen varsla lågare kraftprisar i dei komande åra. Finn ikkje kommentert økonomisk vurdering sett i eit slikt ljøs.

Vonar det vert sett ein stoppar for desse øydeleggende og skjemmande naturinngrep.

Med helsing



Tor Brattebø

90 24 38 39/ <tbr@gccbergen.no>